


Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

Vår dato: 06.10.2014  
Vår ref.: 201404287-9  
Arkiv: 411  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane

## Vallersnes - Synfarringsrapport i samband med overvatn - Gnr. 14, bnr. 98 m.fl. - Radøy kommune

Etter at Rolf Valdersnes kontakta oss i samband med problem med overflatevatn, kontakta vi kommunen då vi fann det rett å røkje etter kva som var problemet. Synfaring vart halde 19.08.14. Med på synfaringa var tre representantar frå kommunen (Tore Rikstad, Einar Færøy og Tonje Nepland) og grunneigar Geir Hugo Dalseng (gnr. 14, bnr. 7). Frå NVE møtte Vågane. Rolf Valdersnes ville ikkje delta på synfaring, men NVE snakka med han utan at kommunen var til stades. Vi hadde bedt kommunen, som er lokalkjent, varsle grunneigar av gnr. 14, bnr. 45, men det var ikkje gjort grunngjeve i at det var vi som kalla inn til møte. Vi fekk heller ikkje melding om at dette ikkje var gjort før under sjølve synfaringa. På



bakgrunn av dette tok NVE v/Vågane kontakt med mor til grunneigar etter synfaringa. Sigrunn Hjelle og NVE foretok då ei synfaring aleine.

Fig. 1.

Oversyn over situasjonen. Stripla line syner kvar bekken er lukka ved «gamlebutikken».

Kartkjelde:

[www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no)

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Region Midt-Norge  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

Region Nord  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

Region Sør  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

Region Øst  
Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



I haust kom det store vassmengder som bekkeinntaket ikkje tok unna. Dette følgde terrenget nedover via gamlebutikken og mot den kommunale vegen – sjå fig. 2 – 3 nedanfor. Her følgde vassmassane den kommunale vegen nedover og rann over mot eigedommane gnr 14, bnr. 7 (Geir Hugo Dalseng) og bnr. 98 (Rolf Valdernesnes). I følgje Rolf Valdernesnes og Geir Hugo Dalseng, fekk desse eigedommane ein del skader/ulempar og ein brønn vart fylt opp av slam.




Fig. 2. Vatnet rann ved sida av «gamlebutikken» og ned vegen og tok med seg masse på vegen..



Fig. 3. ... og rann langs den kommunale vegen og ned på gnr. 14, bnr. 7 og 98.



Det er gjort ein del oppreinskingsarbeid etter hendinga som gjer at skadane ikkje heilt kjem fram på bileta.

Slik vi oppfatta situasjonen, vart røyra under gamlebutikken lagt for mange år sidan (ca 40 år sidan). I samband med utbetring av tilkomstvegen til gnr 14, bnr. 51 vart bekkelukkinga forlenga slik den ligg i dag. Dette vart gjort for nokre få år sidan. Dalseng hevda forlenginga av bekkelukkinga i bekken vart gjort av Jonny Hjelle, medan mor til Hjelle hevda at det vart lagt rør frå gamlebutikken og eit stykke nedover av eigar av bnr. 51 i samband med utbetringa av tilkomstvegen til denne eigedommen. Dette arbeidet vart gjort av Rolf Valdersnes som entreprenør. I etterkant av dette arbeidet, heldt Jonny Hjelle fram med bekkelukkinga ned til den kommunale vegen.

Vidare vart det hevda at den nye bekkelukkinga hadde mindre kapasitet enn røra som går under gamlebutikken. Bekkeinntaket vart målt til d 40 cm, medan kommunen målte røra som kom inn i den gamle, stengte kulverten til 30 cm – sjå fig. 5 nedanfor. Dette vart avvist av mor til Jonny Hjelle og vi kontrollmålte derfor rørdimensjonen der den kjem ut i den gamle kulverten under den kommunale vegen. Under litt tronge tilhøve, vart rørdimensjonen målt til d 40 cm, altså det same som ved inntaket.

Mor til Hjelle heldt fram at røyrinntaket var godt nok, men at problema skuldast mykje vatn frå eit bratt parti til venstre for bekken (sett nedstraums) der det stå ein del tre – sjå fig. 2.



Fig. 4. Frå denne sida kan det sjå ut til at røyret – om det er 30 eller 40 cm i diameter, har langt dårlegare kapasitet samanlikna med den gamle, murte kulverten under den kommunale vegen.

I følge Valdersnes førte vassmassane altså til skade på den kommunale vegen og på eigedommane til Rolf Valdersnes og på den del av Geir Hugo Dalseng sin eigedom som ligg på nedsida av den kommunale vegen. I etterkant av synfaringa har Jonny Hjelle per telefon den 29.09.14 hevda at kulvertopninga der røret kjem ut (fig. 4) under vegen opprinneleg var så smal som den er i dag (tilsvarande rørstorleik). 30.09.14 sendte Jonny Hjelle eit bilde som vart teke i samband med nedlegginga av røret. I dette bildet kan det sjå ut som at opninga på den gamle murte kulverten, er vesentleg mindre enn kva ein får inntrykk av innanifrå kulverten – sjå fig. 5 nedanfor.



Fig. 5. Bilde tilsendt frå Jonny Hjelle den 30.09.14 og som syner situasjonen i samband med nedlegging av røret. Bildet er teke 22.09.11.

Med helsing

Inge Lavoll  
fung. regionssjef

Svein Arne Vågane  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Kopi:

Geir Hugo Dalseng

Jonny Hjelle

Rolf Valdersnes